

Ronny Grønning Spaans

Naturhistorie på vers – Petter Dass'
Nordlands Beskrivelse

Natural History in Verse – Petter Dass'
Description of Nordland

Tidsskriftet Sakprosa

Bind 15, Nummer 1

© 2023

[10.5617/sakprosa.9774](https://doi.org/10.5617/sakprosa.9774)

Samandrag

Nordlands Beskrivelse av Petter Dass (også kjend som *Nordlands Trompet*, skriven mellom 1670 og 1700, utgjeven i 1739) vart oppfatta både som poesi og naturhistorie av dei fyrste lesarane av boka. Men i norsk litteraturhistorie har den naturhistoriske komponenten vorte underkommunisert. Korleis skjedde det? I denne artikkelen peikar eg på to grunnar: J.S. Welhavens definering av verket som folkedikting og måten termen «barokk» har vorte brukta på i norsk litteraturhistoriografi. I denne samanhengen undersøkjer eg resepsjonen av *Nordlands Beskrivelse* i litteraturhistorier frå dei siste hundre åra. Til slutt vil eg prøve å nærme meg den historiske kommunikasjons-situasjonen for *Nordlands Beskrivelse*. Her viser eg òg korleis Dass brukar det poetiske språket til å uttrykkje naturhistorisk kunnskap.

Abstract

Nordland's Description by Petter Dass (also known as *Nordland's Trumpet*, written between 1670 and 1700, published in 1739) was perceived as both a work of poetry and natural history by the first readers of the book. But in Norwegian literary history, the status as a work of natural history has been undermined. How did this happen? In this article I point to two reasons: J.S. Welhaven's definition of the work as folk poetry, and the way in which the term "baroque" has been used in Norwegian literary historiography. To demonstrate this, I examine the reception of *Nordland's Description* in literary histories from the last hundred years. Finally, I will try to approach the historical situation of communication for *Nordland's Description*. Here I also show how Dass uses poetic language to express natural history knowledge.

Nykelord: Litteraturhistoriografi, Petter Dass, barokk, naturhistorie, topografi

Keywords: Literary historiography, Petter Dass, baroque, natural history, topography

Om forfattaren:

Ronny Spaans er fyrsteamanuensis i nordisk litteraturhistorie ved Universitetet i Oslo. Spaans har òg undervist i nederlandsk ved same universitet og har ein doktorgrad frå 2015 om den nederlandske diktaren Joannes Six van Chandelier (1620–1695). Avhandlinga er publisert på Amsterdam University Press i 2020. Han har òg skrive artiklar om Petter Dass, Olav Nygard og Olav H. Hauge.

Naturhistorie på vers – Petter Dass' *Nordlands Beskrivelse*

Eg opnar denne artikkelen med eit sitat frå *Fremmed Indflydelse paa den danske Nationalliteratur i det 17. og 18. Aarhundrede* (1887) av den danske litteraturhistorikaren Julius Paludan. Sitatet er frå fyrste delen, «Renaissancebevægelsen». Her skriv Paludan at *Nordlands Beskrivelse* er

ikke andet end rimet Topographi, en yderst prosaisk Skildring af Sæder og Levemaade i det høje Norden, Fuglefangst og Fiskeri (...) der lidet egne sig til digterisk Behandling. Naar sligt hører til det bedste, der ydedes, ja endog staar helt udenfor Concurrence, saa kan man forestille sig, hvordan det værste maa være. (s. 255)

Nordlands Beskrivelse er altså ei «ytst prosaisk skildring» av nordnorsk topografi. I ei litteraturhistorie Paludan skreiv ni år seinare, *Danmarks Literatur mellem Reformationen og Holberg* (1896), legg han til at «det høje Nordens ejendommelig storladne Natur har dog afsat sine Spor i dette Digt, ligesom i Arrebos Hexaëmeron» (s. 295–296). Tydelegvis har gjenoppdaginga av Petter Dass i Noreg ikkje gått Paludan hus forbi. Men verket er og blir «en omfattende topografisk-statistisk Skildring af Digterens Hjemland (...).».

Om vi no kastar eit blikk på resepsjonen til *Nordlands Beskrivelse* i Noreg – då hjå naturhistorikarar på 1700-talet og vitskapsmenn i moderne tid, O. Nordgaard og Bjørn Gjekk – så samsvarar omtalen deira med det Paludan skriv.¹ Desse forfattarane skryter av dei naturtrue skildringane hjå diktarpresten. Men denne faghistoriske resepsjonen er marginal, for det er gjennom ei historieskriving tilknytt *skjønnlitteraturen* verket har vorte kjent og kanonisert.

¹ Jessen-Schardebøll [eigentleg: Steenbuch], 1763; Pontoppidan, 1752–53. For positive vurderingar frå moderne tid, sjå Nordgaard, 1901, s. 305–317; Gjekk, 2009; Sandnes, 1970, 13–32; Broch, 1954, s. 13. For fleire døme, sjå Hansen, 2023.

Korleis har Paludans definisjon av ein «sakleg» *Nordlands Beskrivelse* forsvunne ut av litteraturhistoria og dukka opp som ein «lyrisk» *Nordlands Trompet*? Det vil eg vise i denne artikkelen. Den fyrste grunnen er alt kjend: J.S. Welhavens omtale av verket under romantikken, som startpunktet for ein nasjonal skjønnlitteratur. Denne resepsjonshistoria er fortald ei rekke gonger før, som ei forteljing om den nasjonale eller lokalpatriotiske Dass. Eg vil undersøkje Dass på tvers av den (post)modernistiske debatten om nasjonalromantikken, for eg meiner det òg er verdt å kike på den *balladeromantiske* konteksten Welhaven opererer med – som fører til ei sjangeromdefinering av verket.

Den andre grunnen eg vil koma inn på, er at omgrepene «barokk» har vore til hinder for Dass-resepsjonen. Termen «barokk» blir introdusert i litteraturhistoriografien tidleg på 1900-talet. Termen vinn snart terreng i skandinavisk litteraturhistorie og blir gjeven ulikt innhald gjennom hundreåret. Eit fellespunkt i dei ulike tolkingane er barokk som «røyndomskritikk». Det meiner eg har hindra ei vidare forståing av *Nordlands Beskrivelse* som «røyndomspoesi». Det endra innhaldet heng òg saman med ei gradvis gjenoppdaging av retorikken, som eg vil vise i denne artikkelen. I denne delen av artikkelen ser eg på korleis Petter Dass er portrettert i både norske og danske litteraturhistorier.

Til slutt vil eg nærme meg den historiske kommunikasjonssituasjonen for *Nordlands Beskrivelse*. Her viser eg korleis Dass nyttar det poetiske språket for å uttrykkje naturhistorisk kunnskap. Før eg kjem så langt, høver det med ein stutt presentasjon av *Nordlands Beskrivelse*, med eit fokus på Petter Dass' eiga definering av verket som poesi om saklege ting.

Nordlands Beskrivelse

Nordlands Beskrivelse av Petter Dass (1647–1707) er truleg skriven mellom 1670 og 1700, men vart først utgjeven posthumt i 1739. Boka er samansett av fjorten kapittel med ulike emne: først generelle skildringar av Nordland, om vêrtilhøve, fugleliv, fiskeri, folkeliv, handel og samar, så skildringar av dei fem fogderia i det som vart rekna som Nordlanda den gongen.

Den eldste mottakinga av *Nordlands Beskrivelse*, slik vi kjenner henne, er i ein vitskapeleg samanheng. Eit par av dei eldste overleverte manuskripta er bundne saman med naturhistoriske verk.² Den tittelen boka er kjend under i dag, *Nordlands Trompet*, var truleg ikkje Dass' eiga oppfinning, men eit «salstriks» frå forlaget, skapt nesten eit halvt hundreår etter at Dass skreiv nordlandsskildringa.³ Det er sannsynleg Dass sjølv kalla verket *Nordlands Beskrivelse* eller *Beskrivelse av Nordlands Amt*. Eg har valt å gjera det same i denne artikkelen – for å utfordre førestillingane vi har om diktet. I og med at boka ikkje berre skildrar geografi og landskap, men òg zoologi, marinbiologi og så bortetter, kan verket kallast eit naturhistorisk verk, men ettersom tidlegmoderne bruk av termen *topografi* femner om *naturhistorie*, nyttar eg termen *topografisk* litteratur. *Historie* må vi forstå i den opphavlege, greske tydinga: «gransking» og «beskrivelse»/«skildring»; det har òg samanheng med sjangertradisjonen Dass' bok hører heime i – eg kjem straks tilbake til dette.⁴ No kan ein innvende at Dass' nordlandsskildring alt er kjend som eit *topografisk* verk, men eg hevdar her at det er tale om ein topografi like mykje

² Lauvstad, 2006, s. 22.

³ Sjå Haarberg, 2012, der òg ein latinsk tittel på manuskript av diktet, blir omtala: *Buccina polaris*.

⁴ *Naturhistorie* er ei samnemning for dei faga som studerer naturen, slik som geologi, botanikk og zoologi. Om den opne topografiske sjangeren i tidleg nytid, sjå t.d. Rimbereid, 2006, s. 124.

i retning *naturhistorie* som lyrisk landskapsskildring, slik dette omgrepet er oppfatta i litteraturhistoria.

At det er produktivt å operere med eit slikt skilje, ser vi om vi jamfører *Nordlands Beskrivelse* med Thomas Kingos *Samsøes Korte Beskrivelse* (1675). Kingos landskapsskildring heng nøye saman med ei lovprising av eigaren av Samsø, riksksanslar Peder Schumacher Griffenfeld. Margrét Eggertsdóttir peikar på tileigninga til viktige personar som eit viktig sosialt kjenneteikn ved lyrisk-topografiske dikt.⁵ Personen *Nordlands Beskrivelse* er tileigna, Ditlev Vibe, oversekretær i Danske Kanselli, spelar derimot ei mindre rolle for innhaldet. Spørsmålet er om Dass tiltalar andre i teksten som er viktige for å forstå diktet; det er verdt å undersøkje. Kingos verk er òg rikt utstyrt med klassisk-humanistisk lærdom, men det finn vi lite av hjå Dass. Eg meiner at *Nordlands Beskrivelse* heller må plasserast i ein topografisk-historisk tradisjon som går frå *Norriges oc Omliggende Øers sandfærdige Bescriffuelle* (skrive i 1613, utgjeve i 1632) av Peder Claussen Friis fram til *Forsøk til Norges naturlige historie* (1752–53) av Erik Pontoppidan – alle geistlege som arbeidde som naturhistorikarar. Denne tradisjonen går gjennom Olaus Magnus' kjende skildring av dei nordiske landa frå 1555 attende til antikkens *Naturalis historia* av Plinius den eldre – der *historie* som sagt tyder «beskrivelse». Det som kjenneteiknar desse verka er ei eklektisk, open tilnærming til stoffet, der forfattaren tillèt seg anekdotar, forteljingar etc. ved sida av skildringar av naturfenomen. Dass er særeigen i denne konteksten i det at naturhistoria hans er på vers. Men her er han ikkje unik, for det gjeld òg Anders Arrebos *Hexaëmeron*. Desse punkta kjem eg attende til i slutten av artikkelen. Termene *topografi* og *naturhistorie* er altså opne omgrep i denne perioden, men som eg argumenterer for her, meiner eg det er produktivt å spesifisere kva tradisjonar Dass fylgjer innanfor desse sjangrane.

⁵ Eggertsdóttir, 2002, s. 184–185.

En nykel til å forstå kva sjangertradisjon Dass skriv seg inn, finn vi i føreordet «Til Læseren». Her lærer vi kva metode Dass har bruka når det gjeld å samle informasjon om Nordland. Han skipar ein røyndomskontrakt med lesaren som heller fører tankane over på vår tids sakprosa enn skjønnlitterær dikting:

Mærk fromme Læser, giv det agt, at alt, hvis her er bleven,
Om Nordland og den kolde Trakt i denne Bog indskreven,
Det har jeg efter andres Mund i Pennen ladet føre,
Om Avel, Eng, om Mark og Grund, og hvad der er at gjøre.
Vel er jeg selv en Nordlands Mand, og Nordland har mig klædet,
Men Norden for mit Helgeland min Fod har aldrig trædet.
Thi kand jeg dette sige grandt hvad Helgeland tilhører,
At det er hver en Tødel sandt, hvis Pennen derom rører.
Men Norden for og lenger hen, jeg ikke veed saa nøye,
Jeg har det kun af Hørselen, men ikke seet med Øye.
Hvad andre for mig haver sagt, og mundtlig mig opregnet,
Det har jeg paa Papiret lagt, og særligen optegnet.⁶

Dass skriv at han anten baserer seg på eigne sanseopplevelingar, på det han sjølv har sett på Helgeland, eller så baserer han seg på det han har hørt frå andre. Her viser Dass ein kjeldekritikk som er vorten karakterisert som unik for si tid. Fyrstemann som seier det, er barnebarnet til Petter Dass, Albert Dass, i si utgåve av *Beskrivelse av Nordlands Amt* frå 1763: «Skjønt paa Vers og Riim, er [denne boka] mere nøyagtig over Landet og Indbyggernes Levemaade (sær som den var i Skribentens Tid) end mangen Beskrivelse over Norge, der siden i ubunden Stil er udkommen» (s. 10). Dei neste kritikarane finn vi hjå naturhistorikarar i same periode. Hans Steenbuch skriv at

⁶ Dass, 1763, s. 21.

«Versene og Stilen undertiden [ere] til Hinder i Materien; dog finder man ham ellers forstandig og erfaren i Landets Tilstand».⁷ Vi merkjer oss visse atterhald i den tidlege resepsjonen; både Albert Dass og Hans Steenbuch ymtar om at den lyriske forma er til hinder, for verket hører *eigenleg* saman med naturhistorie på prosa. Det kjem av at vi har med noko så rart som *rima* naturhistorie å gjera – det kjem til å bli startskotet, som vi skal sjå, for ei sjanger-omdefinering.

Welhavens Dass

Årsaka til sjanger-omdefineringa ligg først og fremst hjå J.S. Welhaven. Welhaven hadde planar om å skrive den første store litteraturhistoria for Noreg, men det enda opp med stutte artiklar, som «Digteren fra Alstahoug. Peder Dass» (1854). Utgangspunktet for Welhaven var som kjent nasjonalromantikken. Det prega synet på 1600-litteraturen: «Tidsalderens Poeter vare uden alt Begrep om Poesiens Væsen (...) deres Forhold til de valgte Opgaver var ganske prosaisk» (Welhaven, 1868, s. 110).

For Welhaven formar Dass likevel eit unnatak, særleg den religiøse diktinga som har levd på folkemunne: Dass er ein «Sanger for Folket» (s. 119), utan «rhetorisk svulst» (s. 128). Denne folkelege suksessen står i kontrast til mangelen på interesse for Dass i elitekulturen. Welhaven peikar her på eit viktig punkt. Det finst mange hundre folketonar til dikt av Petter Dass.⁸ Han meiner Dass minner «om den gyldne homeriske Enfold» (s. 136), for Dass' dikting har gått som ei «skjult Aare gjennem Folkelivet (...)» (s. 154). Ikkje uventa omtalar Welhaven òg dei overnaturlige segnene om Petter Dass og også *Den Nordske Dale-Viise*. Det er romantikkens interesse for

⁷ Jessen-Schardeboell [Steenbuch], 1763, s. 122. Erik Pontoppidan skriv det same. For Dass' naturvitenskaplege metode i både eit dansk-norsk og internasjonalt perspektiv, sjå Spaans, 2023.

⁸ Sjå Hansen, 2023.

folkediktinga som styrer Welhaven. Dass blir ikkje lenger berre forfattar av religiøs, oppbyggjeleg dikting; diktinga får status av «*skjønn litteratur*». «Den skulle ikke lenger brukes som middel til å oppnå frelse og evig liv», som Jon Haarberg (2017, s. 72) skriv. Kva med Dass' «sakpoetiske» verk, *Nordlands Beskrivelse*? Ifylgje Welhaven er dette verket òg ein favoritt hjå ålmugen,

thi det lange beskrivende Digt er helt-igjennem utsat i sangbare ensdannede Strofer, hvorved Fremstillingen faaer et forhøiet Liv, og Tilegnelsenlettes. Derfor kan man og høre Almuefolk syngende gjengive lange Stykker af Digitet, idet de tillempes Sangen etter en gammel Psalmemelodi. (s. 139)

Welhaven tek hardt i. Det finst sant nok eit lite tal folketonar etter *Nordlands Beskrivelse*, men det finst få eksemplar av boka i skifte etter bønder og fiskarar.⁹ Welhaven viser i denne samanhengen til det kjende opningsdiktet i *Nordlands Beskrivelse*, «Vær hilset, I Nordlands bebyggende Mænd», som han meiner har eigna seg til «deltagende Tilegnelse» hjå folket. Seinare forsking har overtydande vist at *Nordlands Beskrivelse* like mykje har hatt «kondisjonerte» som målgruppe.¹⁰ Eg kjem attende til det sist i denne artikkelen.

Det er forvitneleg å jamføre Welhavens dom med Paludans vurdering av verket. Begge har eit romantisk utgangspunkt i det at dei ser ned på mykje av 1600-talsdiktinga som versekunst av mindreverdig, «prosaisk» karakter. Men Welhaven gjer eit unnatak for *Nordlands Beskrivelse*, ved å overdrive interessa for verket hjå ålmugen og dermed kunne omtala verket som *folkesongar*. Det er altså like mykje *balladeinteressa* som det nasjonale som styrer Welhaven. Jamvel om Welhaven omtalar diktet som topografisk litteratur, er det ikkje denne merkelappen som interesserer Welhaven i jakta på det norske – i motsetnad til seinare litteraturvitarar som meiner det er nett

⁹ Hansen, 2023.

¹⁰ Bruland, 1991; Lauvstad, 2006.

i den topografiske diktinga at ein nasjonal bokheim stig fram. Welhaven plasserer heller ikkje verket saman med annan topografisk litteratur, som Paludan gjer. *Nordlands Beskrivelse* får nærast status av nasjonal *folklore* – ein merkelapp som ligg fiksjonen nærmare enn den «saklege» litteraturen.

Eg held meg i denne gjennomgangen til dei store litteraturhistoriene frå dei siste hundre åra. Fyrst tek vi ein kik på litteraturhistorier utgjevne før «barokk»-omgrepet blir lansert. Lorentz Dietrichsons *Omrids af den norske Poesis Historie* (1866) inneheld lange utdrag av *Nordlands Beskrivelse* kombinert med rosande karakteristikkar: «... en Friskhed og et liv udbredt derover, som over intet andet Arbejde fra denne Tid» (s. 82). Men «Den Nordske Dale-Viise» får faktisk større plass i framstillinga, diktet er ei «Række folkelivsbilleder» som er «enestaaende» (s. 83). Dei to neste ut – Henrik Jæger med *Illustreret norsk literaturhistorie*, band I (1896), og Just Bing med *Norsk litteraturhistorie* (1904) – fylgjer same sporet. Jæger verdset «kvikt tegnede folkelivsskildringer» i *Nordlands Beskrivelse*, medan «Dalevisen» når «det høiest og mest frigjorte standpunkt som humoristisk folkelivsskildrer». Just Bing leverer same dom: *Nordlands Beskrivelse* er rik på «bygdebeskrivelser» og «levende folkelivsscener» (s. 15). Ikkje uventa blir segnene om Dass fortalte i same passasje som omtalen av diktverka.

Det er Welhavens Petter Dass som lever vidare, men samtidig med ei varsam justering i høve til samtidslitteraturen ved hundreårsskiftet. Nemninga *topografisk dikt* blir nemnd like snøgt som forbigått. I dette tidsrommet var folkelivsskildringane til forfattarar som Bjørnstjerne Bjørnson og Jacob Breda Bull populære – og dei synest å styre framstillinga.

Barokken

Barokk-termen kjem som eit friskt pust og sopar folkelivstermen ut av kapitla om 1600-talslitteraturen. Det tyder ikkje at Petter Dass som forfattar av

«sakleg litteratur» får større merksemd, snarare tvert imot. Barokken blir nemninga på både ei røyndomsflukt og ein røyndomskritikk. Eg siterer ein av dei fyrste artiklane om poetisk barokk i Norden, Valdemar Vedels «Den digteriske Barokstil omkring Aar 1600» frå 1914: Biletet i barokken «elskes som Forklædning, som Fiktion, som Ophævelse og Overvindelse af Virkeligheden».¹¹

Ordet *barokk* skriv seg anten frå portugisisk *barroco*, ‘uregelrett perle’, eller *baroco*, som er nemninga på ei upåliteleg slutning i skolastisk logikk. Sams for begge termane er at dei vart nytta i overførd tyding om ein overdriven, usmakeleg stilart. På slutten av 1800-talet kjem ein snunad – «barokken» går sakte, men sikkert frå å vera skjellsord til å bli heidersnemning. Det skjer først i kunsthistoria, gjennom Heinrich Wölfflins *Renaissance und Barock* frå 1888, så fylgjer litteraturhistorieskrivinga etter.

Antitesen er favorittfiguren i barokken – han har kontrastane som sitt fundament: himmel mot jord, Gud mot verdslege glede. Glede og overflod kom til uttrykk i Vedels artikkel; mistillit og angst blir òg vektlagde, og då særlig i landet der barokk-termen først og fremst slår an, i Tyskland. Mellom tyske ekspresjonistiske diktarar utviklar det seg det reine svermeriet for perioden. Krigsrøynsler frå den fyrste verdskrigen fekk diktarane til å kjenne seg att i dødsangst og *vanitas*-allegoriar i tysk 1600-talslitteratur. Ekspresjonismen gav tilskuv til det modernistiske, splintra verdsbiletet. Barokkens «mistillit til sannhet og natur kan delvis forklares av de veldige politiske og økonomiske omveltningene som fant sted i tidsperioden. At det

¹¹ Vedel, 1914, s. 22. Det finst nokre samanfall mellom Sejersteds (1998 og 2002) og Lauvstads (2006) gjennomgang av utviklinga av barokk-omgrepet og min gjennomgang her, men eg fylgjer andre retningsliner som gjev andre konklusjonar.

tradisjonelle verdensbildet er i ferd med å bli radikalt forandret, skaper en generell følelse av kaos og verdioppløsning».¹²

Det handlar altså om bruk av barokken på ulike nivå, på den eine sida som eit stildrag og ein stilperiode og på hi sida som ei eksistensiell livskjensle.¹³ Når det gjeld barokken som term på ein litterær periode, får den etter kvart gjennomslag i norsk litteraturhistorieskriving – nemningar som «seinrenssanse» og «det 17. hundreåret» blir bytte ut med «barokklitteratur».

Petter Dass og barokken

Den fyrste som nemner omgrepene «barokk» i Noreg, er den ovannemnde Just Bing. Omgrepene kjem òg til uttrykk hjå neste forfattar av ei litteraturhistorie: Kristian Elster d.y. med *Illustrert norsk litteraturhistorie*, første band (1923). Dei gjev begge ein stutt omtale av termen som ikkje styrer teoriapparatet deira. Elster er komne vidare enn forgengarane sine med sans for folkelivsskildring og omtalar *Nordlands Beskrivelse* endeleg i relasjon til topografisk litteratur – men dette avsnittet blir kort, for Elster meiner Dass «gikk sine egne veier, han diktet for det jevne folk. Det sunde jevne virkelighetsnære uttrykk falt ham naturlig, slik var han selv, av vesen og hjerte» (s. 195).

Ei utdjuping av førestillinga om ein ekte, folkeleg Dass finn vi i *Norsk litteraturhistorie* av Fredrik Paasche og Francis Bull, då i bandet om litteraturen i tidleg nytid, *Norges litteratur fra reformasjonen til 1814* (1958), skrive av sistnemnde. Barokk-termen har ikkje fått sin fulle positive klang, men no er termen innlema i framstillinga. Barokk blir assosiert med ein høgbarokk som Bull plasserer langt unna den jordnære Petter Dass. Han «var slett ikke fri for undertiden å prøve seg i den samme høytravende stil,

¹² Sitat frå Lothe (m.fl.), 2007, s. 20; Sjå òg Storstein & Sørensen, 1999; Jelsbak, 1999.

¹³ Jf. Hübscher, 1922.

og har mangen gang laget kunstferdige ordspill og allegorier i fyldig svulmende barokk, men i slike tilfelle har man ofte inntrykk av at han har betraktet sine egne produkter med et stille smil» (s. 202–203). Barokk er for Bull ein unorsk stil som blir knytt til straumdrag utanfrå. Men Dass er på hi sida ikkje så jordnær at han flatar ut i det *prosaiske*, skriv Bull, for «en dyp naturfølelse kan legge et skjær av poesi over de fattigste og tilsynelatende mest prosaiske emner» (s. 212). Tema som i seg sjølv er prosaiske, som omtalar av fiskeslag i *Nordlands Beskrivelse*, som Bull viser til her, blir altså gjennom Dass' penn lyft opp til poesi. Til liks med forgjengarane sine hevdar Bull at *Nordlands Beskrivelse* var brei folkelesnad. Av den grunn plasserer Bull diktet i kapitlet «Det 17. århundres poesi» – ikkje i kapitlet om «Vitenskapelig litteratur» på 1600-talet, der vi derimot får ein utførleg omtale av topografiske og naturhistoriske verk.

Det er òg verdt å lesa kva Hans Midbøe skriv i sin biografi om diktarpresten, *Petter Dass* (1947). Midbøe plasserer «Petter Dass som europeisk dikter, ikke bare nasjonalt norsk» (frå baksideteksten). Barokk-omgrepene blir knapt nemnt hjå Midbøe, men det heiter likevel: «Den mektige Herre, slik naturens velde og herlighet har åpenbart ham for diktersinnet, har her fått en lovsang som både er nordlandsk og barokk-europeisk i sin grunnfølelse og stil» (s. 123). Dass er barokkdiktar fordi ei barokk livskjensle er ein eigenskap ved «det nordlandske sinn», eit lynne som er prega av det kontrastfulle landskapet og klimaet i nord. (For variantar av synet på Dass som uttrykk for «nordnorsk motkultur», sjå Knutsen, 2019.)

Det neste store litteraturhistoriske standardverket er skrive av far og son Beyer, Harald og Edvard; eg viser til den utvida utgåva frå 1963.¹⁴ No har «barokk» vorte stovereint, som denne overskrifta provar: «Lærdomstid og barokkdiktning». Denne delen har to underkapittel: «Topografi og historie»

¹⁴ Beyer & Beyer, 1963.

og «Poeter på 1600-tallet. Petter Dass». *Nordlands Beskrivelse* dukkar også her opp i sistnemnde kapittel. Beyer fører vidare synspunkt frå både Welhaven og Bull:

Men «Nordlands Trompet» er en fornøyelig barokktittel! Han er en mester i å lage morsomme ordspill i tidens stil. Men dypere ligger hans kjernesunne virkelighetssans. Og i sine beste ting greier han å forene barokkstilen – den festlige bredde, kraften i uttrykket, de drastiske vender og den heftige bevegelse – med klar og nærl realisme. (...) Han skriver ikke for noen lerd verden. (s. 98)¹⁵

Beyer tek, som vi alt forstår, feil i omtalen av tittelen *Nordlands Trompet* som Dass' eiga oppfinning. Jamvel om Beyer ikkje plasserer *Nordlands Beskrivelse* i kapitlet om topografisk litteratur, knyter han verket til dette kapitlet ved å vise til ein «indre sammenheng» mellom verket og Edvard Edvardssøns *Bergens Beskrivelse*.¹⁶ Beyer skil seg òg ut ved å påvise konkrete likskapar i topografiske skildringar av nordnorsk natur hjå Dass og Anders Arrebo, i hans *Hexaëmeron*.

Beyers framstilling har mykje sams med neste mann ut: Kjell Heggelund, i hans omtale av tidlegmoderne litteratur i *Norges litteraturhistorie* (1975). Heggelund deler bolken «1600-tallet. Senrenessansens og barokkens hundreår» inn i ulike underkapittel: Topografisk litteratur blir knytt til seinrenessansen, medan Dass og *Nordlands Beskrivelse* til «Eneveldet og barokk». Dass blir tilkjent ein distanse til den typen høgstil barokk representerer: «Det er en stofflig glede ved å *benevne* i Petter Dass' beste diktning, som virker sterkere på de fleste nåtidslesere enn den praktdiktningen som ble så høyt beundret av hans samtidige» (s. 435). Men liksom Beyer framhevar Heggelund likevel at Dass er trygt planta i europeisk retorisk tradisjon og dansk-norsk ortodoksi. I omtalen av

¹⁵ For Beyer, liksom Midbøe, finst det ingen kontrast mellom det nordnorske og europeisk-barokke: «Trass i alt det som forekommer oss utenpåklistret og åndsforlatt, kan vi stundom merke spennvidde i sinnene hos tidens poeter, jublende glede og knusende sorg» (s. 95).

¹⁶ Edvardsson var rektor ved latinskulen i Bergen medan Petter Dass var elev der (1660–65).

Nordlands Beskrivelse kjem Heggelund med ein interessant observasjon som han dessverre ikkje utdjupar: «Oppbygningen [av diktet] følger mer de topografiske prosaverkene enn de mange topografiske diktene» (s. 436).¹⁷

Dass i Danmark

Før vi går vidare, vil eg sjå litt på framstillinga av Petter Dass hjå dei danske etterfylgjarane til Julius Paludan. I *Illustreret dansk litteraturhistorie* ved Carl S. Petersen og Vilhelm Andersen – det første bandet, *Fra folkevandringstiden indtil Holberg* (1929) – høyrer vi enno ekkoet av Paludan: «‘Nordlands Trompet’ er (...) først og fremmest en topografisk-økonomisk Skildring». Så skriv Petersen: Hjå folket var det «at ‘Trompeten’ oprindelig vandt Popularitet, og længe betragtedes [det] kun som et Almuedigt uden andet end rent lokal Interesse. Langt senere er det blevet hævet til høj litterær Anseelse, efter at Digteren J.S. Welhaven havde paapeget dets ejendommelige Værdi (...) inden for Norges Litteratur» (s. 972–973). Vi legg merke til både omtalen av verket som «Almuedigt» og som startpunkt for norsk litteratur. Dette kjem fram hjå andre danskar. I standardverket *Barokken i dansk digtning*, forfatta i 1935, men først gjeve ut i 1971, skriv Ejnar Thomsen at ein «så utpræget norsk forfatter som Petter Dass ellers ikke falder ind under vort emne» (s. 101). Tanken om tidlegmoderne verk forfatta i Noreg som ei spire til ein sjølvstendig norsk bokheim er òg synleg i *Dansk litteraturhistorie* – band 1, *Fra Runerne til Thomas Kingo* (1976) – av P.J. Billeskov Jansen: Han plasserer *Nordlands Beskrivelse* saman med Friis' noregsskildring (1632): «Det var ved hjælp af topografiens og historien, at nordmændene tidligst viklede sig ud af fælleslitteraturen» (s. 492).

¹⁷ Dessverre nemner ikkje Heggelund noko prosaverk i denne passasjen, men det er mogeleg han tenker på dei topografiske skildringane han omtalar på side 411: Bergen-skildringa av Edvardssøn, Christen Staffenssøn Bangs *Christianiae Stads Beskrivelse*, Hans Hanssøn Smeds *Speculum Boreale*, Arent Berntssøns *Danmarckis oc Norgis Fructbar Herlighed og Norriga illustrata* av Jens Lauritssøn Wolf.

Billeskov Jansen har eit kapittel om «topografiske skilderier», men Dass er likevel ikkje nemnd der.

Dass er attende i felleslitteraturen i den truleg mest omfattande litteraturhistoria nokon gong skriven i Norden, *Dansk litteraturhistorie* frå 1985 i ni band, gjennomførd av eit forfattarkollektiv på 47 medarbeidrarar. I band 3, *Stænderkultur og enevæ尔de 1620–1746*, i underkapitlet «Naturlyrik og topografi», skrive av Peer E. Sørensen, blir *Nordlands Beskrivelse* endeleg omtala i ein naturhistorisk kontekst. I jamføring med ei rad andre topografiske verk peikar Sørensen på særdrag ved Dass' naturskildring: Verket er ikkje «antikvarisk interesseret, men levende optaget af livsvilkår», Dass baserer seg på «selvsyn fra sine tjenstlige rejser, resten bygger især på muntlig beretninger», og verket er styrt av Dass' «samfølelse med folket, hans kjærlighet til hjemegnen». Denne samkjensla tyder ikkje at Dass næraast levde som ein *syngjande diktarbonde* i eitt med folket sitt, som vi får inntrykk av i dei norske litteraturhistoriene. «Han blev en holden mand, han var gavmild og patriarchalsk, folkelig og standsbevist», avsluttar Sørensen (s. 289–290). Det er elles verdt å nemne at «barokk»-omgrepet næraast er fråverande i denne litteraturhistoria, som har eit prisverdig fokus på den historisk-sosiale konteksten og eit utvida tekstromgrep.

Den postmoderne barokken

Om fråværet av «barokk» i det heile har hatt påverknad på framstillinga hjå Peer E. Sørensen, er vanskeleg å seia, men jamfører vi dette verket med den nyaste danske litteraturhistoria, merkar vi i alle fall eit skifte i metodikk, i ei postmoderne retning. Det første bandet av *Dansk litteraturs historie*, redigert av Klaus P. Mortensen og May Schack, tek føre seg perioden 1100–1800. Dette bandet kom ut i 2007 og er skrive av mellom andre Vibeke A. Pedersen og Bjarne Sandstrøm. I framstillinga deira opplever vi eit radikalisert barokk-

omgrep, med vekt på «eksistensielle aspekt» (s. 330) – med Kingos antitetiske dikting som eit høgdepunkt. Dass er ikkje nemnd i dette verket.

Det radikaliserte barokk-omgrepet, som vi finn i den seinaste danske litteraturhistoria, vil eg utdjupe vidare, då med bakgrunn i norsk litteraturhistorieskriving. Eg vil først stutt referere «Barokken og norsk kanon» (1995), der Jørgen Sejersted går polemisk ut mot «romantiske» tolkingar av Petter Dass, hjå Welhaven og Heggelund. Dei har ikkje frigjort seg frå romantikkens estetikk og skjørnar ikkje verdien av retorikk, hevdar Sejersted. I staden meiner han at barokken best kan forståast i ljós av modernisme og språkkritikk. I barokken «aner vi en annen poetikk – en som stiller seg kritisk til skriftens og språkets evne til å gripe en entydig og autonom mening» (1995, s. 118). Sejersted tek utgangspunkt i ein postmodernistisk fascinasjon for barokken, som særleg blir tydeleg i den danske studien *Den barokke tekst* (1999). Desse barokk-forskarane baserer seg på Paul de Mans gjenoppdaging av Walter Benjamins barokk-omgrep frå 1925. Gjennom Benjamins ruin-allegori kommenterer Sejersted Dass' «Andet plaster til det brændte BERGENS Saar, d. 19de May 1702». Konklusjonen hans lyder: «For Bergensborgerne, som i 1702 ruinerte måtte sove ute i askehauge etter sine hjem, må følelsen av tilværelsens meningsløshet ha vært nærliggende. I denne teksten av Dass møter vi ulykken som et tegn som fortuner seg som farlig meningsløst» (s. 140). Det handlar med andre ord om ein tidlegmoderne eksistensialisme som vi *moderne* menneske kan kjenne oss att i.¹⁸

Eg gjev i stutte drag att essensen i dette språkkritiske barokk-konseptet: Antitesen «Gud kontra verda» blir – for å setja det på spissen – bytt ut med «språket kontra verda». Slik det finst eit uoverstigeleg gap mellom Gud og verda for ein barokkpoet, finst det eit uoverstigeleg gap mellom

¹⁸ Jf. òg Sejersted, 1998.

språket og verda for det moderne mennesket. Ein røyndomskontrakt mellom diktar og lesar er ikkje lenger mogeleg. Det ligg ein ikkje liten ironi i at desse forskarane, som går så hardt ut mot romantikkens «annektering» av 1600-talslitteraturen, sjølve annekterer barokken og reduserer perioden til ei historisk legitimering av sin eigen språkfilosofi.

Denne definisjonen av barokk har påverka den siste litteraturhistoria eg diskuterer her: Per Thomas Andersens *Norsk litteraturhistorie* frå 2001 (ny utgåve 2012). Her møter vi det same barokksynet, om enn ikkje så polemisk uttrykt:

For å få en forestilling om barokken generelt er det fornuftig å fastholde det antitetiske. Ut fra vår egen norske barokkmester, Petter Dass, har vi kanskje fått et noe ensidig bilde av en traust og jordnær barokk der det handler om seien, skreien og torsken og hysen. Og dette hører med til bildet. Det fins noe *jordnært*, nesten «naturalistisk» i skildringen av hverdagsverdenen. Men det vi må huske på, er at dette bare er den ene siden av livsfølelsen som er motsetningsfull. Den andre siden er en tung melankoli og dyp bevissthet om *vanitas*, om livets tomhet og forgjengelighet. (Andersen, 2012, s. 103)

Barokk-omgrepet får òg konsekvensar for resten av disposisjonen for dette kapitlet. Andersen innfører – i motsetnad til forgjengarane sine – eit eige underkapittel om «retorikken» og gjer så innsiktsfulle retoriske analysar av dikt av Kingo og Dorothe Engelbretsdotter. Men på hi sida finn vi ikkje lenger eigne kapittel om topografiske verk.¹⁹ Vi får ei kontekstualisering som tydelegvis har som mål å bygge opp under ideen om barokken som tidsalderen for angst og meiningsløyse, ei repetering av store idéhistoriske overskrifter: Montaignes skeptisme, skrekk og gru knytt til trettiårskrigen og luthersk «ortodoksi, ensretting, utrensning og angst» (s. 105). Ei slik karikert historieskriving skaper ikkje eit godt utgangspunkt for ei forståing av *Nordlands Beskrivelse*, og Andersen gjer då heller ingen større analyse av

¹⁹ Det er sant nok ei summarisk liste av topografiske verk under tittelen «Annen litteratur» (s. 121).

verket – merksemda hans ligg på ein retorisk gjennomgang av «Herre Gud! Dit dyre Namn og Ære».²⁰

Den danske litteraturteorikaren Torben Jelsbak (1999, s. 86) har kalla barokken for litteraturhistorias «enfant terrible»: Det er ein vanskeleg periode å få tak på, og det er eit omgrep som skaper like mykje motstand som fascinasjon. Det eg ikkje har omtala i denne artikkelen, er dei vidt ulike periodiseringane av barokken.²¹ Men denne gjennomgangen av Dass i barokk historiografi har vist tre ulike definisjonar: barokk som stildrag og stilperiode, som ei kontrastfylt livskjensle og sist som eit språkfilosofisk program. Desse definisjonane, særleg dei to fyrste, har fått gjennomslag i norsk litteraturhistorieskriving, og dei gjeld i stor grad enno som det «offisielle» biletet av perioden.²²

Vi tek ei lita oppsummering før vi går vidare: Med det utgangspunktet *Nordlands Beskrivelse* får ved ei omdefinering til folkeleg hyllestdikt, hamnar verket i ein upresis kategori i litteraturhistoriene – trass i merkelappar *Nordlands Beskrivelse* får som «virkelighetsnær» og «realistisk». Beyer og Heggelund meiner ei større forsking på *Nordlands Beskrivelse* som topografi ville vera konstruktiv, men det er fyrst med danske Peer E. Sørensen at nordlandsskildringa etter blir omtala i ein topografisk kontekst. Det største hinderet for ei gjenoppdaging av verket som eit «saksorientert» diktverk meiner eg ligg i barokk-termen. Sameinaren i alle barokk-modellane eg har nemnt her, er ein skepsis mot dikting som attgjeving av ein realistisk røyndom. Dei dikta som kjem best ut av den barokke interessa for antitese,

²⁰ I ein artikkel frå same tiår lanserer Andersen (2003) ein heilt ny måte å forstå *Nordlands Beskrivelse* på, gjennom eit økologisk perspektiv. Dessverre blir ikkje denne spennande analysen fylgd opp i litteraturhistoria hans.

²¹ Sjå Sejersted, 1998 og 2002.

²² Det ligg tydelegvis ein didaktisk-pedagogisk vinst i å framheva 1600-talet som ei antitetisk livskjensle, for då kan leسارar bruke barokken som ein spegel på ein moderne tidsalder full av kontrastar og uro, jf. Elvebakk & Vederhus, 2022.

er dei same som Welhaven òg lyfte fram: Kingos salmar. «Psalmeskriftningen kan fremvise den Periodes sandeste Poesi», skriv Welhaven (1868, s. 115). Høvesdikting og topografiske dikt blir stort sett sedde på som for «prosaiske». Trass i kritikk av romantikken hjå (post)moderne norske og danske litteraturvitarar er det paradokslt nok den romantisk kanoniserte diktinga dei òg samlar seg om.

Retoriske analysar

I denne diskusjonen er det verdt å skjegle til nederlandske tilhøve. Samtidig som skandinaviske litteraturhistorier på 2000-talet gjer «barokken» til portal for 1600-talslitteraturen, gjer Karel Porteman og Mieke Smits-Veldt det motsette i *Een nieuw vaderland voor de muzen* (2008). Vi kan jamføre dette verket med ei litteraturhistorie frå nokre tiår før: *De letterkunde van Renaissance en Barok* (1952) av G.A. van Es og E. Rombout. I det sistnemnde verket dominerer stilistiske analysar av tidlegmoderne bøker – som ordet «barok» i tittelen varslar – medan i det fyrstnemnde verket finst termen «barok» knapt. Her får derimot nye forskingsfelt plass: bokhistorie og interesse for prosalitteraturen. I dag talar nederlendarane heller om «renessanselitteratur», og «tidlegmoderne litteratur» enn om «barokklitteratur». Same utvikling er å spore i heimlandet til omgrepene «barokk», Tyskland, i termen «Frühe Neuzeit».

Eit anna viktig skilje mellom norsk og kontinental tidlegmoderne historiografi finst i den faglege bakgrunnen til forfattarane. Dei norske litteraturhistoriene er skrivne av litteraturvitarar med ein annan periode av litteraturhistoria som spesialitet. Tidlegmoderne litteratur har lenge vore den minst prestisjefylte i norsk litteraturhistorieskriving. For norske litteraturvitarar tenderer tidleg nytid dermed til å bli ein *bigeskjeft* – ein arena for historisk legitimering av samtidige litteraturteoretiske program; det såg vi like mykje hjå unge

postmodernistar som hjå tidlegare forskarar som sette Dass i relasjon til folkelivsskildring og nordnorsk motkultur.²³

Men det finst forskarar som har tidleg nytid som spesialitet. Eit liknande fokusskifte som i Nederland er nemleg synleg hjå ei gruppe litteraturvitarar. Jon Haarberg, Laila Akslen, Hanne Lauvstad og den sveitsiske nordisten Jürg Glauser har fornya litteraturhistorieskrivinga ved å gå strake vegen til tidlegmoderne teoritekstar om klassisk retorikk og teologi.²⁴ Dei er avvisande andsynes termen «barokk» – jamvel om omgrepet enno blir bruk av omsyn til tradisjon.²⁵ Dei retoriske og bokhistoriske lesingane deira er innovative og har oppdatert forskinga på tidlegmoderne litteratur til eit samtidig europeisk nivå. Særleg synet deira på retorikk er frigjerande, i det at dei auser av eit større retorisk repertoar enn det einsidige fokuset på antitese og paradoks barokkomgrep har ført med seg. Men ei vidare historisk kontekstualisering med vekt på politisk, sosial eller naturhistorisk samanheng – den «ekstralitterære» røyndomen – styrer dei likevel som regel unna.²⁶

Poesi og kommunikasjon

I den fornya interessa for tidlegmoderne litteratur finst det òg dei som orienterer seg mot eit breiare tekstutval. Ein av dei er Jørgen Sejersted.²⁷ Det postmoderne barokkomgrep han forfekta eit par år tidlegare, gjekk han ved tusenårsskiftet tydelegvis sjølv lei av. Sejersted avviser barokk-omgrep i ein

²³ I Noreg er til dømes Dag Solstad forska på som «barokk forfattar», og i Danmark er samtidspoetar kalla «nybarokke», sjå Storstein & Sørensen, 1999.

²⁴ Akslen, 1997; Lauvstad 2006; Haarberg, 2012.

²⁵ Sjå t.d. Akslen, 1997, s. 24; Glauser & Sabel, 2002, s. 1–3.

²⁶ Jf. Rimbereid, 2006, s. 123–132; Spaans, 2021.

²⁷ Her vil eg òg nemne tre andre litteraturvitarar som nærmar seg *Nordlands Beskrivelse* med eit utvida blikk: Even Arntzen, 2003; Gunnar Foss, 2005; Øyvind Rimbereid, 2006. Arntzen vektlegg den empiriske metoden lagd til grunn for *Nordlands Beskrivelse*, Foss ser på Dass' oppfatning av røyndomen gjennom Foucaults kunnskapsteori, medan Rimbereids essay undersøkjer topografi-omgrep i høve til klassisk retorikk.

artikkel frå 2002; han skriv at «man har henfalt til å la denne termen få en sannhetsgestalt som blir en autoritær kategorisering av alle periodens tekster» (2002, s. 46). Interessa hans for nyhistorismen blir grunnlaget for nye artiklar, som studiar av Dorothe Engelbretsdotters sjølvframstilling.

Med det utvida tekstromgrepet frå nyhistorismen kan ein femne ein større variasjon av tekstar og også undersøkje korleis tekstar påverkar kvarandre på tvers av sjangerinndeling. Det gjeld ikkje minst høvesdikting til politiske og sosiale hendingar. Den «ekstralitterære» røyndomen er nemleg òg samansett av tekstar som må tolkast, og dei er like viktige som dei litterære tekstane. Nyhistorismen er ikkje lenger ein *ny*-isme i litteraturhistoriografien, men metodane og omgrepa han introduserte, har gått over i nye retningar, som postkolonialisme og *environmental studies*.

Det er dessverre få forskingsarbeid som baserer seg på denne typen historisk interesse for tidlegmoderne litteratur i Norden – og det er kanskje urettvist å jamføre med land som hadde tidleg nytid som sin gullalder. Men det finst interessante studiar. Éin av dei er *Poesi og politik* (1996) av Sebastian Olden-Jørgensen. I dette arbeidet får vi etter ei korrigering med utgangspunkt ii høve til den tidlegmoderne retorikken. Olden-Jørgensen innfører eit nytt moment: kommunikasjon.²⁸ Olden-Jørgensen har undersøkt høvesdikt skrivne til innføringa av eineveldet i Danmark-Noreg og viser korleis dei avslører dei skiftande syna på kuppet til Frederik III – altså eineveldet – som fanst i ulike sosiale grupper i samfunnet. Som Olden-Jørgensen skriv:

«lejlighetsdigtningen blev et medium for politiske signaler». Dette forskingsarbeidet er òg tufta på gransking av renessansepoetikkar, som Martin Opitz' *Buch von der Deutschen Poetery* (1624). Eg siterer – i Olden-Jørgensens' omsetjing: «Således tjener alt dette til overtalelse og belæring såvel som til fornøjelse for folk; hvilket er digtekunstens viktigste mål».

²⁸ Vekt på poesi som kommunikasjon har kome til syne i seinare lyrikkforskning, også på moderne lyrikk, sjå innleiingskapitlet til Claudi, 2016.

Olden-Jørgensen set det på spissen: «Overtalelse, oplysning og fornøjelse – rækkefølgen og vægtningen er lige omvendt i forhold til vor tids forståelse af poesiens formål» (s. 17).

Dikt til dannemenn

Eg spurde tidlegare i denne artikkelen om Dass tiltalar nokon i *Nordlands Beskrivelse*. Ein slik tiltale finn vi i diktet, og denne tiltalen gjer at vi kan prøve å rekonstruere den opphavlege kommunikasjonssituasjonen for verket. Gjennom ulike passasjar – som «paa toe-rømmnit Færing om Øerne roe, / Kun jeg og du eene selv annen» – får vi innblikk i grunnstrukturen i diktet.²⁹ Den topografiske skildringa er forma som ei båtferd, der diktaren har med seg ein medreisande. Dass namngjev ikkje gjesten sin, men han avslører at han er ein framand person som ikkje er kjend i Nord-Noreg. Ein mogeleg kandidat er ein såkalla uteliggjarborger: ein handelsmann på Nordlanda gjennom borgarskap i Bergen eller Trondheim, nett som far til diktaren, ein skotte som kom til Helgeland som kjøpmann med borgarskap i Bergen. Ein intensjon hjå Dass har vore å formidle påliteleg, sakleg kunnskap om Nord-Noreg som ein gjestfrei og næringsrik region, i opposisjon til mytar om trolldom og havmonster i nord i den humanistiske kulturen på Kontinentet.³⁰ Dette var noko handelsmenn interesserte seg for. Danningsgrunnlaget for kjøpmenn den gongen var ulikt det vi forventar av businessfolk i dag: Kjøpmenn var lærde *dannemænd*, som like gjerne kunne utføre handelskorrespondansen sin på vers som i prosa, og dei såg på seg sjølve som formidlarar av ny kunnskap like mykje som av nye varer.³¹

Det fører oss til eit brevdikt Dass fekk tilsendt – ein tekst som er interessant for oss i denne samanhengen, for det formar faktisk ein samtidig resepsjon av

²⁹ Dass, 1763, s. 49.

³⁰ Sjå forskinga til Nils Magne Knutsen, som Knutsen, 2019, og Spaans, 2023.

³¹ Jf. mellom andre Cook, 2007.

Nordlands Beskrivelse. Her får vi altså endeleg ein samtidig reaksjon på Dass' kombinasjon av poesi og naturhistorie. I 1678 sende ein viss Ole Nysted det aktuelle brevdiktet til Dass. Nysted hadde fått tak i ei avskrift av eit uferdig *Nordlands Beskrivelse* og skryter i brevet over kvalitetane i verket, her fylgjer nokre utdrag:

Jeg mange Aar hafver i Nordland self vært,
Dog har ieg af same rim achtet og lært
Adskilligt, ieg ikke forgietter.

Tak være dig, fliidig og trøysomme Præst
Som kalder og byder os alle till Gjæst
Paa gode Nordlandiske Retter!

(...)

Gid Digteren vilde betee mig den Gunst
Og rime fremdelis og vise sin Kunst
Paa hvis som om Nordlanden rester.

(...).³²

Kva er det Nysted seier her? Ole Nysted var uteliggjarborger på Nordland. Jamvel om Nysted har handla lenge på Nordland, så har kjøpmannen lært «adskilligt» om Nord-Noreg som han ikkje visste om. I samsvar med den språklege biletbruken i perioden omtalar Nysted den nye kunnskapen Dass presenterer, som attraktive «Nordlandiske Retter» som lesaren kan «fortære» – det er altså kunnskap Nysted kan bruke i handelsverksemda si. Nysted skriv lenger ned i same brev at han kan tilby Dass kunnskap om området han sjølv handlar på, Ofoten, men då i byte mot noko anna: eit pengelån. Dass sender eit diktbreve attende, der han uttrykkjer seg etterhalden i pengespørsmålet. Vi veit dessverre ikkje korleis tilhøvet mellom dei utvikla seg. Men vi legg merke

³² Dass, 1980, s. 280.

til eit siste punkt: Nysteds sjølvframstilling som lærde kjøpmann. For å vinne tillit hjå Dass – både med tanke på utveksling av pengar og av kunnskap om Nord-Noreg – presenterer han seg som ein ekte dannemann, han meistrar kunsten å tala på vers og kan dermed opptre som Dass' jamlike. Som vi ser, etterliknar han versemålet i *Nordlands Beskrivelse* i brevdiktet sitt.

1600-talslitteratur utfordrar oss med ein tekstkultur som krev at vi har mange «ballar i lufta» samtidig som ikkje ekskluderer kvarandre. Vi finn att dei viktige punkta som Olden-Jørgensen gjev att frå Opitz' poetikk i brevdiktet: «Overtalelse, oplysning og fornøjelse»: «Overtalinga» ligg i bøna om eit pengelån; «opplysninga» ligg i nye fakta om Nordland som Nysted nemner, medan «fornøjelse» ligg i den estetiske utforminga av denne kunnskapen. Denne samansetjinga var ikkje framand for ein tidlegmoderne diktar og dannemann.

Naturhistorisk poesi

Kan vi då kalle tidlegmoderne dikting om sosiale, politiske – og i tilfellet Petter Dass – naturhistoriske tilhøve for «sakleg poesi»? Er *Nordlands Beskrivelse* eigenleg eit slag rima «sakprosa» om nordnorsk natur og landskap? Nei – alle desse omgrepene er av nyare dato og må brukast med varsemd. Vi må nærme oss Petter Dass' *Nordlands Beskrivelse* med ei open filologisk haldning, som ligg i metodar knytte til *tekstkultur* og *teksthistorie*. I tråd med nyhistoriske og filologiske perspektiv finst det ikkje nokon *utanomtekstleg* røyndom som formar eit «bakteppe» for ein tekst som vi har tilgang til i dag, for det handlar om eit avhierarkisert forhold mellom tekst og kontekst.³³

³³ Sjå Berge, 2019, s. 21–51. Sjå òg: Asdal, m. fl. 2008.

For å illustrere dette hermar eg nokre versliner frå føreordet til *Nordlands Beskrivelse* – frå sitatet ovanfor:

Thi kand jeg dette sige grandt hvad Helgeland tilhører,
At det er hver en Tødel sandt, hvis Pennen derom rører.
Men Norden for og lenger hen, jeg ikke veed saa nøye,
Jeg har det kun af Hørselen, men ikke seet med Øye.

Andre stader i verket talar Dass også om naturfenomen han eller andre har sett med augo. Når Dass her refererer til observasjonar han kallar *sanne*, er det ikkje høysle- og synsintrykk vi får direkte overleverte – det er observasjonar formidla til oss gjennom ein tre hundre år gammal *tekstkultur*. Skal vi undersøkje kor *truverdige* dei er, så må vi gå til den same tekstkulturen – den tidlegmoderne naturhistoriske diskursen Petter Dass opererte innanfor – og det må skje med eit utvida tekstromgrep som òg femner om kart og illustrasjonar, *visuelle tekstar*, ved sida av reiseskildringar og naturhistorisk-topografiske arbeid. Det fører oss til dei topografiske prosaverka eg nemnde tidlegare i artikkelen.

Men i motsetnad til desse verka er Dass' nordlandsskildring altså på rim. Vi hugsar Hans Steenbuchs reaksjon på ei slik «blandingsform». Men Steenbuchs dom kom nesten hundre år etter at Dass skreiv si nordlandsskildring, og på 1700-talet var rim og rytme mindre vanleg i naturhistoriske skrifter. Slik var det ikkje på 1600-talet, i alle fall ikkje tidleg i hundreåret. Eit døme, også med maritimt innhald, er det nederlandske langdiktet *Strande, oft Ghedichte van de Schelpen, Kinckhornen, ende andere wonderlicke Zee-Schepselen* (Strand, eller dikt om skjel, konkyliar og andre vedunderlege sjødyr) (1611) av Philibert van Borselen. Naturhistorie på vers er faktisk ein sjanger med antikke tradisjonar, jamfør det naturfilosofiske langdiktet *De Rerum Natura (Om tingenes natur)* av Lucretius. Det er denne tradisjonen Dass arbeidde i forlenginga av. Viktig inspirasjonskjelder er

Den Grønlandske Cronica (1608) av Claus Christoffersen Lyschander og særleg det tidlegare nemnde *Hexaëmeron* av Anders Arrebo, som handlar om Guds skaping av verda, men som inneheld både naturvitenskaplege drøftingar og skildringar av naturfenomen og fiskeslag i Nord-Noreg – ein landsdel Arrebo vitja då han var biskop i Trondheim (1618–22). Vi har sett korleis Paludan og Beyer peikar på likskapar mellom desse verka. Arrebo skreiv si bok mellom 1631 og 1637, men verket kom ut først i 1661.

Med bakgrunn i denne dateringa vil eg likevel problematisere Dass' naturhistorie på vers som eit særeige fenomen, for *Nordlands Beskrivelse* er forfatta rimeleg seint på 1600-talet. Langdikta til Lyschander og Arrebo er typisk humanistisk-poetiske arbeid i det at dei er rike på referansar til klassisk historie, mytologi, ofte kombinert med ålmenn-moralske bodskapar. Eit døme er Arrebos skildring av fisken murene:

Muræna, Crassi fisk (hand var en herlig Romer)
 Du langt-nafnkundig Fisk, mig nu i Sinde kommer,
 Staffered jeg dig seer, med gylden-ringed Øre,
 Jeg seer dig om din Hals en Demant-kied' at føre,
 Som Crassus hår dig skenckt; (...)³⁴

Skildringa av muren er nært knytt til det klassiske repertoaret frå latinskulen, her forteljinga om korleis den romerske generalen og politikaren Marcus Licinius Crassus hadde ein muren som kjæledyr, som han utsmykka med øyrepynt og halskjede – som vekte kritikk hjå hans samtidige. Petter Dass' skildringar av fisk kan òg kallast dekorerande, men dei estetiske utmålingane gjeld spesifikke karakterdrag hjå fisken:

³⁴ Arrebo, 1965, s. 196.

Du springende Lax, jeg erindrer vel dig,
 I strømmende Elver du legges i Lig,
 Hvor grummeste Fosse de bruse;
 Hvor blinker din Skjorte, som Sølvet i Søm!
 Hvad tvinger dig til at fremiile mod Strøm
 Og fængsles i Mast-bunden Ruuse?
 Men ingen dig passer saa snedelig paa
 Om Nætterne Stygge, som Bonden hin graae
 Med lysende Næver og Lyster (...)³⁵

Vi blir imponert over dei biletakande formuleringane til Petter Dass – som vi i dag utan vidare vil isolere og nyte som stor skjønnlitteratur, i tråd med det Francis Bull skreiv: Dass lyfter tema som i seg sjølve er prosaiske, opp til poesi. Men undersøkjer vi utdraget nøyne, oppdagar vi at det nettopp er gjennom det poetiske språket at ei detaljert marinbiologisk utgreiing av naturen til laksen blir uttrykt: Det er tale om ein sylvfarga fisk som lever både i havet og i elvar, der han sym imot straumen. Dei siste verslinene fortel korleis ein fangar laksen med ulike reiskapar, ruser og lyster. For ein samtidig leesar, som kjøpmannen og dannemannen Ole Nysted, ville det ikkje vera nokon motsetnad i slik formidling av sakleg kunnskap og retorisk dekorering.

Det er slike opplysningar Dass har fått gjennom direkte sanseopplevelingar og ikkje gjennom humanistisk-klassisk lærdom, for skildringar av nordeuropeiske fiskeslag fanst knapt i repertoaret på latinskulen. Her brukar Dass det poetiske språket på ein innovativ måte for å presentere ny og ukjend kunnskap om Nord-Noreg. Ei meir omfattande gransking må til for å finne ut om det finst liknande «hybridverk» frå slutten av 1600-talet, men så langt kan

³⁵ Dass, 1763, s. 75.

vi i alle fall konkludere med at *Nordlands Beskrivelse* er unik i kombinasjonen sin av inspirasjon frå eldre topografisk-humanistisk diktning på rim og av ein naturvitenskapleg metode som etter kvart blir assosiert med prosaisk framstilling – heilt til naturvitenskap og poesi skil lag. Men før det skjer, er vi altså i ein interessant mellomfase. Det poetiske får ein uventa funksjon i diktet: Det er ein metode å utmåle naturhistorisk kunnskap på.³⁶

³⁶ Om Dass og klassisk-humanistisk kunnskap, sjå Spaans, 2021. For andre konstellasjoner mellom poesi og naturvitenskap, sjå Claudi, 2016.

Litteratur:

Akslen, L. (2007). *Norsk barokk*. Oslo: Cappelen Damm.

Andersen, P.T. (2003). *Nordlands trompet i litteraturhistorien i dag*. I: Forfang, S.E. og Hansen, I.R. (red.), *Petter Dass – omkring Nordlands trompet*. Nesna: Høgskolen i Nesna, s. 40–57.

Andersen, P.T. (2012). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Arntzen, E. (2003). «En malstrøm Til begjær». *Nordlit*, nr. 13, s. 255–277.

Arrebo, A. (1965). *Samlede skrifter I. Hexaëmeron. Lejlighedsdigte*. Ved V. Lundgaard Simonsen. København: Munksgaards forlag.

Asdal, K, m. fl. (2008). *Tekst og historie. Å lese tekster historisk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Berge, K.L. (2019). «Skriftkulturforsking i Norden. Nokre overordna perspektiv på forskingsfeltet og forskingsresultat på 2000-talet». I: Helset, S.L. & Brunstad, E. (red.), *Skriftkulturstudiar i ei brytingstid*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, s. 21–51.

Beyer, H. & Beyer, E. (1963). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Aschehoug.

Billeskov Jensen, P.J. (1976). *Dansk litteraturhistorie. Band 1: Fra Runerne til Thomas Kingo*. København: Politikens Forlag.

Bing, J. (1904). *Norsk litteraturhistorie*. Kristiania: Frem.

Broch, H. (1954). *Zoologiens historie i Norge: til annen verdenskrig*. Oslo: Akademisk forlag.

Bruland, S.H. (1991). «Petter Dass og den klassiske litteraturen». I: Alenius, M., m.fl. (red.): *Latin og nationalsprog i Norden*. København: Museum Tusculanums forlag, s. 195–204.

Bull, F. (1958). *Norges Litteratur: fra reformasjonen til 1814*. Oslo: Aschehoug.

Claudi, M.B. (2016). *Bakover, nordover og framover. Framskrittstro, høvdingkult, vitenskap og geografi i og omkring Kristofer Uppdals lyrikk*. Upublisert avhandling for graden ph.d., ILN, Universitetet i Oslo.

Cook, H. (2007). *Matters of Exchange: Commerce, Medicine, and Science in the Dutch Golden Age*. New Haven & London: Yale University Press.

Dass, P. (1763). *Beskrivelse over Nordlands Amt*. Ved Albert Christian Dass. København: Hartvig Godiche.

Dass, P. (1980). *Viser og Rim*. Ved Seip, D.A. Oslo: Aschehoug.

Dietrichson, L. (1866). *Omrids af den norske Poesis Historie*. København: Gyldendalske Boghandel.

Elster, K. (1935). *Illustrert norsk litteraturhistorie*. Band 1. Oslo: Gyldendal.

Elvebakk, L. & Vederhus, I. (2022). «Gudsens sanning?!». I: Claudi, M.B. & Norendal A, *Litteraturhistoriske muligheter i forskning og undervisning*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 129–143.

Eggertsdóttir, Margrét. (2002), «Topographisch-historische Dichtung in Island im 17. Jahrhundert». I: Glauser, J. & Sabel, B. (2002). *Skandinavische Literaturen der frühen Neuzeit*. Tübingen & Basel: A. Francke Verlag, s. 183–199.

Es, G.A. van & Rombaut, E. (1952). *De Letterkunde van Renaissance en Barok*, I–II. Hertogenbosch: Teulings Uitgevers-Maatschappij.

Foss, G. (2005). «Skou-Essen. Om skrift og mat i Nordlands Trompet». I: Andersen B. & Elisassen K.O. (red.), *Maskepi og maskerade*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag, s. 63–78.

Gjevik, B. (2009). *Flo og fjære langs kysten av Norge og Svalbard*. Jar: Farleia.

Hansen, I.R. (2023). «...Hvad jeg i Pen har ført». En bibliografi om Petter Dass med kommentarer. Trondheim: Museumsforlaget.

Glauser, J. & Sabel, B. (2002). *Skandinavische Literaturen der frühen Neuzeit*. Tübingen und Basel: A. Francke Verlag.

Heggelund, K. (1975). «Unionstiden med Danmark», i: Beyer, E. (red.): *Norges Litteraturhistorie. Fra runene til Norske Selskab*. Band 1. Oslo: Cappelens Forlag.

Hougaard, J., m.fl. (1985). *Dansk litteraturhistorie*. Band 3: *Stænderkultur og enevælde 1620–1746*. København: Gyldendal.

Hübscher, A. (1922). «Barock als Gestaltung antithetischen Lebensgefühls». I: *Euphorion* 24, s. 517–562 og 759–805.

Haarberg, J. (2012). «Hvorfor trompet? Om tittelen på Petter Dass' nordlandsbeskrivelse». *Edda*, 99 (1), s. 3–15.

Haarberg, J. (2013). *Katekismesangene*: bokselskapet.no.

Haarberg, J. (2017). *Nei, vi elsker ikke lenger. Litteraturen og nasjonen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Knutsen, N.M. (2019). *Petter Dass. Prest. Pedagog. Humorist*. Tromsø: Angelica Forlag

Jelsbak, T. (1999). «Barokken i dansk digtning. En receptionshistorie». I: *Danske Studier 1999*, s. 86–119.

Jessen-Schardebøll, E.H. [Steenbuch, H.] (1752–1753). *Det Kongerige Norge, fremstillet efter dets naturlige og borgerlige Tilstand*. København: Gottmann Friedrich Kisel.

Jæger, H. (1896). *Illustreret norsk literaturhistorie*, band I. Kristiania: Hjalmar Biglers forlag.

Lothe, J., m.fl. (2007). *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget 2007.

Midbøe, H. (1947). *Petter Dass*. Oslo: Gyldendal.

Nordgaard, O. (1901). «De to store ‘malstrømme’ i Norge». I: *Naturen: populærvitenskapelig tidsskrift*, 1901, 25, s. 305–317.

Olden-Jørgensen, S. (1996). *Poesi og politik. Lejlighedsdigningen ved enevældens indførelse 1660*. København: Museum Tusculanum forlag.

Paludan, J. (1887). *Fremmed Indflydelse paa den danske nationalliteratur i det 17. og 18. aarhundrede*, band 1. København: Nationale forfatterens forlag.

Paludan, J. (1896). *Danmarks litteratur mellem Reformationen og Holberg*.
København: Wilhelm Priors Hofboghandel.

Pedersen, V.A. m.fl. (2007). *Dansk litteraturs historie 1100–1800*. Band 1. I:
Mortensen, K.P & Schack, M. *Dansk litteraturs historie*. København:
Gyldendal.

Petersen, C.S. & Andersen, V. (1929). *Illustreret dansk litteraturhistorie*.
Band 1: *Fra folkevandringstiden indtil Holberg*. København: Gyldendal.

Pontoppidan, E. (1752–53). *Det første Forsøg paa Norges naturlige Historie*,
I–II. København: Berlingske Arvingers Bogtrykkerie.

Porteman, K. & Smits-Veldt, M. (2008). *Een nieuw vaderland voor de muzen*.
Amsterdam: Bert Bakker.

Rimbereid, Ø. (2006). *Hvorfor ensomt leve*. Oslo: Gyldendal 2006

Sandnes, J. (1970). «Lokalhistorisk litteratur til omkring 1900». I: Bjørkvik
H., m.fl. (red.), *Lokal historie i forskning og kulturarbeid gjennom 200 år*.
Oslo: Landslaget for bygde- og byhistorie, s. 13–32.

Sejersted, J. (1995). *Barokken og norsk kanon*. I: *Nordica Bergensia*, nr. 6, s.
108–145.

Sejersted, J. (1998). «Retorikk og dikter – om barokken». I: Arne Dvergsdal
(red): *Nye tilbakeblikk: artikler om litteraturhistoriske hovedbegreper*.
Oslo: Cappelen, s. 71–94.

Sejersted, J. (2002). «Barokkbegrepet i norske litteraturhistorier og
plasseringen av Petter Dass». I: Hans-Erik Johannesson (red.), *Mimesis*

förvandlingar: Tradition och förnyelse i renässansens och barockens litteratur. Stockholm: Atlantis, s. 43–54.

Spaans, R. (2021). «Hekser, Kopernikus og nordnorske fiskeslag. Eit kritisk blikk på den seinaste forskinga på Petter Dass». I: *Edda*, 108 (2), s. 84–97.

Spaans, R. (2023). «‘My Eye has Never Seen It’. Demythologising Arctic Sea Monsters in the Poetry of the Norwegian Priest and Fish Merchant Petter Dass (1647–1707)». I: Egmond, F. & Smith, P. (red.), *Towards a Cultural History of Early Modern Ichthyology (1500–1800)*. Leiden: Brill.

Storstein, E. & Sørensen, P.E. (1999). *Den barokke tekst*. Frederiksberg: Danskklærerforeningen.

Thomsen, E. (1971). *Barokken i dansk digtning*. København: Munksgaard.

Vedel, V. (1914). «Den digteriske Barokstil omkring Aar 1600». I: *Edda*, 2, s. 17–40.

Welhaven, J.S. (1868). *Samlede Skrifter*, band 6. København: Gyldendal.